



Bolig & Eiendom As  
Stølen 26  
5911 Alversund

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/1358 - 22/54667

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:  
04.07.2022

## **Avslag på søknad om ny avkjørsel - KV 1011 til eiendommen - gbnr 108/138 Lindås**

Saka gjeldt søknad om tillatelse for nytt avkjøringsløype til kommunal veg for gbnr 108/138 datert 11.02.2022. Tomt høyrer inn under eldre reguleringsplan for Kolås 1.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Det vert søkt om avkjøringsstillatelse for 2 avkjørslar til tomannsbustad på resttomt 108/138. Tomta er regulert til bustadformål i reguleringsplan for Kolås 1, planid: 1263- 08061972.

Saka har tidlegare vore på uttale for byggesak hos vegmynde i Alver kommune. Reguleringsplan er ikkje detaljert med vegbreidder og avkjørsløyper. Vedtak om avkjøringsløype skal difor takast etter veglova og er sendt tilbake til vegmynde for vedtak.

#### Vurdering/drøfting:

Situasjonsplan viser 2 avkjørslar til denne tomte. Tomta ligg langs ein svært smal veg med dårleg snumoglegheit.

Reguleringsplanen er frå 1971 og vegen er regulert som offentleg gangveg og er etablert svært smal. Gangforbindelse med samanhengande gangveg til Svehaugane for vidareføring mot Kolåsvegen og friområde er ved dagens situasjon ikkje etablert. Vegens eigedomsgrense ligg heilt i vegkanten og nokre stader ligg vegen inne på privat eigedomm. Det er dårleg snuareal for beredskaps- og vedlikehaldskøyretøy langs og i enden av vegen. Snuareala framstår i tillegg som del av private eigedomar.

Dagens fokus for gangveg er at ingen eller svært få bustader skal ha tilkomst via gangvegar. Det er allereie 6 eigedomar med tilkomst via denne vegen i dag. Gangvegar kan ha tilkomst til bustad, men då skal forholda på staden vurderast særskilt i kvart enkelt tilfelle.

I tillegg til at vegen er smal og uoversiktig ligg tomte midt i ein sving. Dette er eit etablert bustadområde og den smale vegen og dei dårlege forhold langs vegen med dårleg snuareal, kan gi utfordringar med tanke på anleggstrafikk i byggefasen. Vegen er i tillegg i svært dårleg stand og det er usikkert om den vil tåle anleggstrafikk.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug      post@alver.kommune.no      Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50      www.alver.kommune.no      Organisasjonsnummer: 920 290 922  
00

### Samandrag/konklusjon:

Avdeling for samferdsel, veg-, vatn- og avløp- forvaltning i Alver kommune har krav om at dersom det let seg gjere å samle avkøyrslar for bustadtomter med ei eller fleire bueiningar, skal det berre vere ei avkøyrslar frå den offentlege vegen inn på tomta. Med tanke på trafiksikkerhet for mjuke trafikantar og forholda på staden, vil det ikkje bli gitt løyve for 2 avkøyrslar til denne eigedommen. Om det skal bli gitt løyve for avkøyring til denne tomta, må avkøyrslene samlast og avkøyring frå den kommunale vegen må vere plassert med størst mogleg oversik.

### **Vedtak:**

AlverAlver kommune gjev **avslag** på søknad om 2 nye avkøyrslar til kommunal veg KV1011 S2D1 for gbnr 108/138. Avslaget er gitt med heimel i veglova §§40-43, forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrslar fra offentlig veg og praksis i Alver kommune.

Grunngjeving for avslaget:

- Av trafiksikkerhetsomsyn skal avkøyrslene samlast til ei felles avkøyrslar for tomta.
- Det kan sendast inn ny søknad kor avkøyrslene er samla og det må setjast av område for parkering for minimum 4 biler med høve til å snu på eiga tomt.

Utfyllande informasjon om krava til sikt og utforming av avkøyrslar er å finne på kommunen si heimeside: [www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Vedtaket gjeld avkøyringsløyve. Tiltaket kan i tillegg vere søknadspliktig og skal då handsamast av byggesak.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkøyrslar ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Adelin Hanstveit Hjellvik  
Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG

**Mottakarar:**

Bolig & Eiendom As

Stølen 26

5911

Alversund